

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/23	Formannskapet	PS	03.05.2023
034/23	Heradsstyret	PS	10.05.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/741

Reglement om folkevaldes rett til godtgjersle og dekning av økonomisk tap

Vedlegg:

KS veileder - Økonomiske vilkår for folkevalgte

Rapport 06.01.2021 - Godtgjøringsutvalget - rapport til stortingets presidentskap fra utvalg nedsatt for å utrede felles prinsipper for godtgjøring til politikere på alle forvaltningsnivåer

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og dekning av økonomisk tap, Osterøy kommune, Vestland - Lovdata

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i denne saka

Formannskapet - 033/23

FS - behandling:

Ordføreren fremja på vegne av heile formannskapet slikt felles framlegg:

Gjeldande frå neste periode

Ordfører: 100% av stortingsrepresentant

Varaordfører: 8%

Formannskapsmedlem: 3%

Utvalsmedlem (Plan/kontroll m.m.) 2%

Heradsstyremedlem: 1,5%

Dvs. same satsar som førre periode

AVRØYSTING:

Fellesframlegg samrøystes vedtatt

FS - vedtak:

Gjeldande frå neste periode

Ordfører: 100% av stortingsrepresentant

Varaordfører: 8%

Formannskapsmedlem: 3%

Utvalsmedlem (Plan/kontroll m.m.) 2%

Heradsstyremedlem: 1,5%

Dvs. same satsar som førre periode

Heradsstyret - 034/23

HS - behandling:

Roy Håkon Jenssen, SV, hadde slikt framlegg: Osterøy kommune har fortsatt svært vanskelig økonomi, og vi har de fire siste årene kuttet i viktige tjenester for kommunens innbyggere i samtlige sektorer for å få endene til å møtes. Vi har også i denne perioden fastsatt at ordførers godtgjørelse kan være 90% av den til enhver tid gjeldende godtgjørelse for stortingsrepresentanter. Osterøy SV foreslår å videreføre denne ordningen for ordførergodtgjørelsen da det verken er nødvendig eller passelig å gi ordføreren en lønn som passerer en million kroner mens vi forsøker å få kommunen ut av økonomisk utføre.

Gjeldende fra neste periode

Ordfører: 90% av stortingsrepresentanters godtgjørelse.

Varaordfører: 8% av ordførers godtgjørelse.

Formannskapsmedlem: 3% av ordførers godtgjørelse.

Utvalgsmedlem (Plan/kontroll m.m.) 2% av ordførers godtgjørelse.

Heradsstyremedlem: 1.5% av ordførers godtgjørelse.

Rita Tveiten, AP, hadde slikt framlegg på vegne av H, FRP, SP, Ap, og KRF: Ordfører 90% av SR

Varaordfører 15% av ordfører

Formannskapet 5% av ordfører

Heradstyre, Planutval, kontrollutval 3% av ordfører

Leiar Plan-/kontrollutval 8% av ordfører

Andre utval som vert bestemt politisk får godgjersla pr. møte med 0,075% for medlemmar og 0,12% for leiar.

AVRØYSTING:

Roy Håkon Jenssen, SV, sitt framlegg fell - 5 for (2SV, 1V, 1MDG, 1FRP)

- 19 mot (6FRP, 5SP, 4AP, 2H, 1KRF, 1U)

Innstilling frå formannskapet fell - samrøystes

Rita Tveiten, AP, sitt framlegg vert vedteke - 20 for (6FRP, 1SV, 5SP, 4AP, 2H, 1KRF, 1U)

- 4 mot (1FRP, 1SV, 1MDG, 1V)

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

HS - vedtak:

Ordfører 90% av SR

Varaordfører 15% av ordfører

Formannskapet 5% av ordfører

Heradstyre, Planutval, kontrollutval 3% av ordfører

Leiar Plan-/kontrollutval 8% av ordfører

Andre utval som vert bestemt politisk får godgjersla pr. møte med 0,075% for medlemmar og 0,12% for leiar.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Vedlagt saka ligg gjeldande reglement/forskrift for rett til godtgjersle og dekning av økonomisk tap for folkevalde i Osterøy kommune.

KS anbefaler at nytt reglement bør vedtakast av avtroppande heradsstyret og bekreftast av påtroppande.

Rettigheter og plikter for folkevalde står heimla i kommunelova kapittel 8.

§8-4 lyder slik:

«Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift for slik godtgjøring.»

Det er såleis ikkje eit alternativ at politikarane ikkje har godtgjersle i det heile.

Satsane for godtgjersle for folkevalde i Osterøy kommune vart halvvert i inneverande kommunevalperiode 2019-23 grunna økonomiske årsaker. I tillegg vart ordføraren sin godtgjersle redusert med 10% til å vere 90% av lønnen til ein stortingspolitkar.

I perioden har godtgjersla vore slik:

- Heradsstyret 0,75% av ordføraren sin godtgjersle
- Formannskapet 1,5% av ordføraren sin godtgjersle
- Andre store utval (kontrollutvalet, Plan- og kommunalteknisk utval) 1% av ordføraren sin godtgjersle

Sjå vedlagt og gjeldande forskrift for heilskapleg oversikt.

Ordførar sin løn pr mars 2023 er kr 957.886. 0,75% av dette utgjer for eit medlem av heradsstyret i denne perioden kr. 7.184 pr. år. Totalt for alle 26 medlemmar, eks. ordførar, vert det kr. 186.784 pr. år. Godtgjersla for heradsstyret for heile val-perioden utgjer om lag kr 750.000 (utan å ta høgde for årleg prisjustering). I tillegg kjem dei andre verva. Samla post (10801) i rekneskapen for politisk godtgjersle i 2022 var kr. 552.370 + ordførar sin løn.

I gjeldande reglement er ordføraren sin godtgjersle fastsett i høve til løna for stortingsrepresentantar og vert justert i samsvar med denne. Ordføraren har vidare rett til sjukepengar, foreldrepermisjon og forsikringar tilsvarande som for kommunalt tilsette. I tillegg har ordførar rett til etterlønn og feriepengar i tråd med praksis for stortingsrepresentantane, jf. §4 i gjeldande forskrift.

Vurdering

Gjeldande reglement er i tråd med KS sine tilrådingar. Det kan likevel vera behov for justering, presisering eller tillegg i dette. Ein må vurdera om det skal gjerast endringar i satsane for godtgjersle, eller om det er behov for andre endringar.

Rådmannen si vurdering er at gjeldande reglement for det meste kan vidareførast for ny valperiode, då med atterhald om endringar som måtte følgja av nye lovkrav (krav om forskrift).

Rådmannen vil samstundes minne om kor viktig rolle dei folkevalde har i ein kommune og ber om at dette ikkje vert undervurdert eller teken lett på.

Å vere folkevald er eit tidkrevjande verv og Osterøy kommune har ikkje fulltidspolitkarar, forutan ordførar. Dei folkevalde utførar dette vervet i fritid og ofte etter full arbeidsdag. Ein folkevald i Osterøy kommune skal møte i heradsstyret minimum 8 gongar i året, minimum 16 gongar om du også er medlem av formannskapet. Desse møta varar normalt, kvar for seg, mellom 3-8 timar. I tillegg kjem eventuelt andre utval/nemnder, arbeidsgrupper og til dømes partivise gruppemøte. Ein må heller ikkje gløyme tid til førebuing av sakene til eit møte som kan ligge på alt mellom 200-1200

sider.

Det er eit stort ansvar å være ein folkevald. Til ein kvar tid er ein ambassadør og tillitsperson for lokalsamfunnet i alt ein gjer og seier der ein bur. Dette er ein flott oppgåve ein skal bere med stoltheit, men det kan diverre også føre med seg ein del negative konsekvensar. Som kommunalt folkevald vil ein av og til måtte stå i vanskelege og nære lokale saker. Erfaringa viser at ein difor kan verte ein utsett og upopulær person i lokalsamfunnet, noko som diverre meir og meir resulterer i både truslar og hat ytringar (ref: TF-rapport nr. 636 av 2022 og KS rapport av 2019: «hat og trusler mot folkevalgte»).

Godtgjersla for dei folkevalde bør difor teke omsyn til alle desse faktorane når ein skal fastsetje kva ein folkevald skal få som godtgjersle i kroner og øre for den innsatsen og tiden som vert lagt ned. Godtgjersla er vel fortent og bør vere representativ for kva vervet krev uavhengig av kommunen sin økonomiske situasjon. Rådmannen vil difor rå til at ein minimum justerer opp satsane for godtgjersla til nivået før halvinga som vert gjort for inneverande periode.

Dersom heradsstyret ønskjer andre endringar/tillegg kan desse innarbeidast i reglementet før handsaming i nytt heradsstyre.

Praksis hjå andre liknande kommunar

Pr mai 2022 er godtgjersla for ein stortingsrepresentant kr 1.064.318,- pr år.

- 1 prosent av dette er kr 10.643,-
- 1 promille av dette er kr 1064,-

Kommune	Kommunestyre	Formannskap	Ordførar	Varaordførar
Vaksdal	1% av ordf. pr år	5% av ordf. pr år	90% av SR	40% av ordf.
Voss	1 promille pr møte	4,41% av ordf. pr år	100% av SR	50% av ordf.
Alver	0,16% av ordf. pr møte	2,4% pr år + 0,16% pr møte	100% av SR	60% av ordf.
Kvam	1000kr pr møte	1000kr pr møte	95% av SR	20% av ordf.
Austevoll	1 promille av SR pr møte	1 promille av SR pr møte	100% av SR	25% av ordf.
Stryn (kostra 10)	17.000kr pr år	40.000kr pr år	80% av SR	10% av ordf.
Ørsta (kostra 10)	1200kr pr møte	1200kr pr møte	10G	25% av ordf.
Stad (kostra 10)	1,5 promille pr møte	7% av ordf.	100% av SR	50% av ordf.

Vaksdal jf. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-02-09-447?q=velferdsgode%20vaksdal>

Voss jf. <https://lovdata.no/dokument/LTII/forskrift/2022-09-08-1562>

Alver jf. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-11-26-2654>

Kvam jf. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-05-12-993>

Austevoll jf. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2019-12-19-2132>

Stryn jf. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-02-13-147>

Ørstad jf. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-11-05-2393>

Stad jf. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-06-18-3395>

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet for tilråding til heradsstyret.

